

DEN NORSKE KYRKJA
Luster kyrkjeleg fellesråd
Kyrkjeverje

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep,

0030 Oslo.

dok 140

200605811	27.11.06
Ki-501	

24.11.2006

Arkivsak: 06/3184
Løpenr.: 06/12904
Sakshandsamar:
Arne Bondevik

Melding om politisk vedtak - Staten og Den norske kyrkja - høyring

Vi viser til brev frå Dykk dat. 24.04.06 vedk. Staten og Den norske kirke – Høring.


Det vert med dette gjeve melding om at Luster kyrkjeleg fellesråd handsama saki i møte den 17.11.2006, sak 29/06. Det var 9 medlemmar i fellesrådet til stades på møte.

Eit utval, oppnemnt av fellesrådet, hadde fått i oppdrag å utarbeida eit forslag til høyringsfråsegn frå Luster kyrkjelege fellesråd. Fellesrådet slutta seg samrøystes til det framlagde forslaget – dvs at alle 9 medlemmane røysta som avkryssa på spørjeskjema.

Det samrøystes vedtaket frå fellesrådet lyder slik:

Luster kyrkjeleg fellesråd har ikkje merknad til det framlagde forslaget til uttale dat. 16.10.06, vedkommande tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja, utarbeidd av det fellesråds oppnemnde utvalet.

Med helsing


Arne Bondevik
kyrkjeverje

Vedlegg: Høyringsfråsegn frå Luster kyrkjeleg fellesråd m/spørjeskjema.

Kopi til:


ADRESSE:
Postboks 93
6866 GAUPNE

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 00

TELEFAX
57 68 55 01

E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142



DEN NORSKE KYRKJA
Luster kyrkjeleg fellesråd

Tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja

Høyringsfråsegn frå Luster kyrkjeleg fellesråd

TILHØVE MELLOM STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE LUSTER KYRKJELEG FELLESRÅD – HØYRINGSSVAR

Me viser til Gjønnestutvalet si utgreiing og meinar den gjev eit godt grunnlag til å ta stilling i hovudspørsmåla i saka, sjølv om mange ordningsspørsmål enno er uavklara.

Høyringsfråsegna vår er delt inn etter dei ulike tema høyringa omfattar:

- Religionspolitikk og kyrkjeordning
- Staten sitt verdigrunnlag
- Finansiering og ordning
- Kyrkjebygga
- Demokrati og valordningar
- Gravferdsforvaltninga

Før Luster kyrkjeleg fellesråd vil kommentera dei ulike tema som er nemnt ovanfor, vil me trekka opp eit historisk oversyn som viser Den norske kyrkja si særstilling i landet vårt.

Stat og kyrkje – eit historisk oversyn

I den tida kristendommen kom til landet vårt, var Noreg eit land av smårike, med store og små høvdingar og kongar. Den kristne trua vart innført både frå botnen og frå toppen. Kongen si tru skulle vera folket si tru, og fattigfolk, kvinner og born stod sterkare enn før.

I tida fram til reformasjonen var den norske kyrkja ein del av den katolske kyrkja. Det var eit religiøst og verdsleg maktsenter, som var kjend for å setja makt bak krava. I Norge kjenner me historia om kong Sverre Magnusson som "talte Roma midt i mot", og som svar vart lyst i bann hjå paven.

Reformasjon på første halvdel av 1500-talet førte til endringar i maktbalansen over heile Europa. Frå den klare todeling av makta i kyrkje og stat, vart det einskilde land si kyrkje knytt sterkt til kongen. I Danmark - Noreg var reformasjonen ei topptung omveltning. Kong Christian III innførte ei ny kyrkjelov i 1537 og vart kyrkja sin øvste leiar. Erkebispetittelen forsvann, og kongen tok hans plass. Han utnemnde sine egne biskopar (superintendentar).

I 1660 fekk me einevaldstida. Etter dette vart kongen sitt grep om kyrkja sterkare. Der han frå før hadde stor innflytelse, fekk han no suveren makt.

På 1700-talet fekk me ei ny ordning som har hatt stor betydning for truslivet i bygd og by. Konfirmasjonen vart innført i 1737. Alle skulle gjera greie for dei viktigaste delene av den kristne trua og kjenna soger frå Bibelen. For å få til dette, måtte alle læra seg å lesa og skriva. og då fekk folkeskulen sin plass. Dette gjorde i si tid til at fleire kunne lesa Bibelen sjølv, og folk som Hans Nielsen Hauge ville halda kristne møte utanfor kyrkja. I opplysningstida si ånd ville dei sjølv bestemma bibeltolkning og møteform. Kyrkja såg dette som ein trussel mot einskapen i kyrkja, og var samstundes redd for at "feil" tolkningar skulle snika seg inn. I 1741, altså berre 4 år etter innføringa av konfirmasjonen, vart Konventikkelplakaten innført. Denne lova gjorde "husmøte" med lekforkynnar forbode.

I dei hundre åra Konventikkelplakaten var virksam var det fleire krefter som arbeidde for ei meir individualistisk kristendomsforståing. I 1814, då Eidsvollsmenne skulle forfatta ei grunnlov, var dei opptekne av at folket sjølv skulle finna ut kva som var det gode og det rette for Noreg. Opplysningstida og impulsane frå Europa knytte til demokratiske idear, kom også

hit. Grunnlova slo fast at den evangelisk-lutherske trua skulle vera trua i riket, og at Kongen måtte vedkjenna seg til denne trua.

Dette er eit viktig moment som syner kva som hadde forandra seg sidan Reformasjonen og Christian III si regjeringstid. Christian III var som konge den som definerte kva religion folket skulle ha. I 1814 definerer lova folket sitt ønskje som kongen må retta seg etter.

Då Konventikkelplakaten vart oppheva i 1842, tok det berre tre år før dissenterlova vart vedteken. I korte trekk seier den det motsette av Konventikkelplakaten, og opnar for at eigne kyrkjesamfunn og sekter har livets rett utanfor Statskyrkja. I 1851 vart den såkalte "jødeparagrafen" strøken av Grunnlova. Men det gjekk framleis over 100 år før jesuittane fekk komma til riket. Dette kan lesast som ei veksande forståing utover 1800-talet for at ikkje alle høyrde heime i Statskyrkja, som tidlegare hadde vore så allmenn. Likevel var det på ingen måte snakk om ei sidestilling.

2. verdskrigen var ein periode der omgrepet stat fekk ei anna tyding. Noreg vart invadert og kyrkja sett i ei alvorleg knipe. For skulle kyrkja lyda ein stat som ikkje lydte Gud? Dei fleste biskopar og prestar la ned sine embete våren 1942, og med manifestet *Kirkens Grunn* tok prestane avstand frå nazistyrets råderett over kyrkja. Kyrkja og staten sine ulike virkeområde vert understreka. Staten skal ikkje diktera kyrkja i spørsmål om tru.

Tilhøvet mellom kyrkje og stat har vore tema for debatt mange gonger etter 1945. Vår næraste fortid er den epoken det er vanskelegast å få grep om. Så mykje har skjedd med landet vårt, med kyrkja og med vårt forhold til verda. Utviklinga mot ei globalisering og ei pluralisering har gjort at omgrepa stat, kyrkje og statskyrkje har endra seg. Ofte har kyrkja vorte skulda for å ikkje henga med i utviklinga, medan andre har skulda kyrkja for å gå for lydig etter eit fleirtal og lyda staten blindt. Saker som abortdebatten på 1970-talet, som gjorde at Per Lønning trekte seg frå sitt bispeembete, spørsmål kring kvinnelege prestar, homofili og utnemning av biskopar har sett forholdet til staten på spissen.

Verda kring oss kjem stadig nærare, og me har mange landsmenn med andre religionar eller livssyn utan forankring i ei gudstru. Det vert stilt spørsmål ved Den norske kyrkja si særstilling i dagens samfunn. Samstundes ønskjer kyrkja å vera ein heim for dei truande og ein forkynnande og levande fellesskap av døypte. Vår utfordring vert å finna ut korleis me kan gjera dette – kva forhold kyrkja enn måtte ha til staten.

Religionspolitikk og kyrkjeordning

Luster kyrkjeleg fellesråd delar fleirtalet i Gjønnesusvalet si tilråding om å endra tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja. Hovudargumentet for dette er omsynet til Den norske kyrkja som sjølvstendig trussamfunn, samt behovet for å understreka religionsfridom.

Luster kyrkjeleg fellesråd vil stø fleirtalet i utvalet sitt framlegg om å etablera ei kyrkjeordning som er regulert med ei særlov for Den norske kyrkja. Dvs ei lovfesta folkekyrkja/nasjonalkyrkja som vert gjeve ein særleg status i høve til andre trus- og livssynssynsamfunn. Denne kyrkjelova kan eventuelt ha sin basis i ein grunnlovsbestemmelse, for å markera Den norske kyrkja si historiske, kulturelle og faktiske stilling i samfunnet. Lova må klart visa til kyrkja sitt sjølvstendige ansvar til å utforma ei eiga kyrkjeordning. Det må innebera at kyrkja sine eigne organ står for val av kyrkja sine leiarar – biskop, prostar og prestar, utan statleg innblanding.

Høyringa om tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja er ikkje ei sak om korleis dei indre tilhøva i kyrkja skal regulerast. Dette er ei politisk sak som vedkjem alle demokratisk valde organ i Norge. Nasjonen sin religionspolitikk vedkjem alle innbyggjarane i landet.

Etter Luster kyrkjelege fellestråd sitt syn bør dei overordna prinsippa i trus- og livssynspolitikken vera:

1. Jamstelling mellom trus- og livssynsamfunn.
2. Trus- og livssynssamfunna medrekna Den norske kyrkja sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære.
3. Ein aktiv støttande statleg religionspolitikk.

Luster kyrkjeleg fellestråd vil særleg peika på punkt 2 som gjev Den norske kyrkja som trussamfunn rett til å peika ut sine egne leiarar. Denne retten er forankra i kyrkja si sjølvforståing og eigenart, men også i internasjonale menneskerettfråsegner som Norge har slutta seg til.

Då utnemningsretten etter Grunnlova § 4 ikkje vil kunna delegerast til eit kyrkjeleg organ, føreset ei nyordning der kyrkja sjølv utnemner biskopane sine ei grunnlovsending, som vil ta bort grunnlaget for ei statskyrkje. Luster kyrkjeleg fellestråd meiner difor at Den norske kyrkja sin rettkomne sjølvråderett i vesentlege trus- og ordningsspørsmål ikkje let seg realisere innanfor ramma av statskyrkjeordninga.

Som det går fram av avkryssinga stør såleis fellestrådet i Luster konklusjonen til fleirtalet i Gjønnnesutvalet om at statskyrkjeordninga bør avviklast. Me finn dette best i samsvar med prinsippa ovanfor, og trur ei slik nyordning vil leggja tilhøva betre til rette for ei offensiv, open folkekyrkje, som kan tena Gud og folket og forhalda seg konstruktivt og kritisk til staten, utan at andre livssynssamfunn opplever at dei vert diskriminerte.

Ei lovforankra folkekyrkje/nasjonskyrkje vil vera sjølvstendig, men ho vil framleis stå i tett dialog med Staten. Gjennom eit formalisert tilhøve nedfelt i lovverket vil Staten aktivt kunna støtta folket sitt ynskje om å ha ei landsdekkande kyrkje med kyrkjebygg og kyrkjelege tilsette, som yter kyrkjelege handlingar der folket høyrer heime.

Staten sitt verdigrunnlag

Med bakgrunn i Luster kyrkjeleg fellestråd sitt syn i høve til kyrkjeordninga må § 2 i Grunnlova endrast. Me ser det likevel slik at Staten må synleggjera sitt verdigrunnlag. Luster kyrkjeleg fellestråd meiner difor at Grunnlova må ha ein verdiparagraf, som kan samla og skapa identitet, og teikna eit sannferdig bilete av verdiar som har vore fellesnemnar i det norske folket si historie.

Luster kyrkjeleg fellestråd vil slutta seg til fleirtalet i Gjønnnerutvalet som foreslår følgjande verdiparagraf: "Alle Indvaanere av Riket have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag".

Finansiering og organisering

Luster kyrkjeleg fellestråd meiner det bør vera ein overordna religionspolitikk i Norge der Staten aktivt støttar trus- og livssynssamfunna. Dette vil medføra at det offentlege må yta midlar til livssynssamfunna. Ei slik finansiering vil best sikra like økonomiske vilkår for gudstenesteliv og kyrkjelege handlingar uavhengig av kvar i landet ein bur eller den personlege økonomien til den enkelte. Luster kyrkjelege fellestråd vil difor rå til at dagens offentlege finansieringsordning vert ført vidare.

Utviklinga peikar mot ei meir sjølvstendig kyrkje i ei endra kyrkjeordning. Dette vil og få konsekvensar for finansiering av kyrkja si verksemd. Utfrå prinsippet om ein aktiv støttande religionspolitikk frå Staten, legg me til grunn at kyrkja i vesentleg grad vert finansiert av det offentlege. Like fullt ser me at ansvar og initiativ i større grad må koma frå dei lokale kyrkjelege organa, og dermed frå kyrkjemedlemane sjølve. Me vil derfor foreslå at det vert opna for å nytta medlemsavgift i tillegg til den offentlege finansieringa. Dette vil styrka det lokale kyrkjelege tilbodet og føra til at den enkelte kyrkjemedlem føler meir ansvar for "si" kyrkje.

Luster kyrkjeleg fellestråd meiner at dei totale utgiftene for Den norske kyrkja må fordelast etter følgjande modell:

Hovudfinansieringa må koma frå Staten, med tilskot som dekkar løningar og personalkostnader for alle kyrkjeleg tilsette.

Kommunane må yta tilskot som dekkar bygging, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg og anlegg.

Det enkelte medlem yter ei avgift som dekkar finansieringa av sokna si øvrige verksemd.

Kyrkjebygga

Dagens kyrkjeordning er slik at lokalsamfunnet (kommunen) har ansvaret for å byggja og vedlikehalda kyrkjene, medan Kongen (i praksis Staten) har ansvaret for å syte for prestar. Etter Luster kyrkjeleg fellestråd si meining skal soknet framleis ha eigedomsretten for kyrkjebygga. Dette samsvarer med innarbeidd tradisjon og sokna si stilling som grunneining i kyrkja.

Fleirtalet i Gjøannes-utvalet gjer framlegg om sterkare statleg finansiering av freda og verneverdige kyrkjer, og vurderer statleg overtaking av eigarskap for i alle fall dei kyrkjene som ikkje fungerer som soknekyrkjer. Luster kyrkjeleg fellestråd vil støtta dette. Luster har, tilliks med andre kommunar i Bjørgvin, middelalderkyrkjer som er svært viktige med tanke på å dokumentere den tidlege historia om kristendomen i Noreg. Erfaringa syner at dagens finansiering ikkje er tilstrekkeleg til å setje fellestråda rundt om i stand til å ta ansvaret for slike kyrkjer. Vi stør derfor utvalet sitt fleirtal om å vurdere både finansiering og eigarskap for desse kyrkjene.

Demokrati og valordningar

Det demokratiske innslaget i kyrkja er uttrykk for ei kyrkjeordning der lekfolket er engasjert i og tek ansvar for si eiga kyrkje. Leiaransvaret lokalt, regionalt eller sentralt skal ikkje åleine kvile på presteskapet/biskopane eller administrative einingar. Sidan Kyrkjemøtet vart lovfesta i 1984, har kyrkjelova av 1996 og den generelle utviklinga styrka dette demokratiet. Gjøannes-utvalet har drøfta spørsmål knytt til valordningane, men fleirtalet i utvalet (16 av 20) omtalar dette som "*en internkirkelig utfordring*". Følgjeleg ligg det ikkje føre konkrete framlegg til endringar i valordningane. Mindretalet på 4 tek til orde for ein kombinasjon av indirekte og direkte val.

Dei fleste trussamfunn har sentralkyrkjelege møte, som i hovudsak består av utsendingar frå dei lokale kyrkjelydane/forsamlingane. Ei slik "synodal" oppbygging har også Den norske kyrkja. Dette gjev seg uttrykk i at noko av det første nye sokneråd gjer, er å velje representantar i det regionale organet (bispedømeråd), som også er utsendingar til kyrkja sitt sentrale organ Kyrkjemøtet (cf. synode). Kyrkjerådet vert vald av Kyrkjemøtet, med mandat til å utføre det Kyrkjemøtet avgjer.

Luster kyrkjeleg fellestråd vil meine at ein slik synodal kyrkjeforståing må ligge til grunn også for ei lovforankra kyrkje. Kyrkjeordninga tar ikkje utgangspunkt i enkeltindividet, men i det lokale kyrkjelydsfellesskapet. Dette kjem til uttrykk ved at soknet er

grunneininga i Den norske kyrkja. Sjølv om det er grunn til å styrke deltakinga ved kyrkjelege val, kan ikkje dette åleine vere grunnlag for å erstatte dagens valordning fullstendig med direkte val, slik enkelte meiner.

Det har vist seg at tilhøvet mellom sokneråd og særskilt store fellesråd kan vere utfordrande. Avstanden mellom eit stort fellesråd med finansiering og tilsetjingsmynde og eit enkelt sokneråd kan verte for stor. Ei ny kyrkjeordning bør styrke soknet si stilling, og Luster kyrkjeleg fellesråd vil følgjeleg ikkje rå til at fellesråd vert valde ved direkte val. Dette vil kunne forsterke avstanden mellom sokneråd og fellesråd.

Gravferdsforvaltninga

Luster kyrkjeleg fellesråd tek utgangspunkt i at gravferdstenestene må vere eit offentleg ansvar. Dette samsvarer med at nasjonen har eit offentleg regulert helsevesen.

Det offentlege organet Staten vel som ansvarleg for desse tenestene må ha stor tillit blant innbyggjarane i landet, uavhengig av tru og livssyn. Gravferdstenestene krev høg kompetanse på sorg og krise. Folk har sterke kjensler for gravlunden og gravene ein har ansvar for. Dette inneber at ansvarleg organ også må ha kompetanse som kan sikre verdige tilhøve på bygg og anlegg.

Dei aktuelle offentlege aktørane til å ta ansvar for gravferdstenestene vil etter vårt skjønn vere kommunen eller Den norske kyrkja. Det er prinsipielle argument for at kommunen bør ha dette ansvaret. Kommunen er i utgangspunktet nøytral i høve til tru og livssyn. Men kommunen er og ansvarleg for å yte dei tenestene innbyggjarane ber om. Statistikken fortel at 94% av alle gravferdstenester vert utført av Den norske kyrkja, i Luster oppimot 100%. Her vil ein vege mellom eit prinsipielt syn, sett opp mot dei faktiske tilhøva for gravferdstenestene.

I Luster er kyrkjebygget og gravstaden nært knytt saman i eitt anlegg.

Vår erfaring er at kyrkjeleg fellesråd forvaltar det heilskaplege ansvaret for gravene og kyrkjebygget på ein verdig og god måte.

Gjennom dei 10 siste åra har dei kyrkjelege fellesråda hatt primæransvaret for gravferdsforvaltninga. Luster kyrkjeleg fellesråd har tru på at vi også i framtida vil evne å tilby gode gravferdstenester for alle innbyggjarane, og vil rå til at Den norske kyrkja framleis har dette ansvaret.

Men også i noverande ordningar ser vi utfordringar som må takast fatt i uavhengig av kyrkjeordning. I særleg grad gjeld dette å kunne tilby lokale som er betre tilpassa dei ulike religiøse seremoniane. Dette er eit lite `problem` i Luster; me har grendahus og skulebygg som kan gjera teneste på ein god måte i denne samanhengen.

Det bør vidare ikkje by på problem å bruke den meir nøytrale nemninga "gravlund" (i staden for kyrkjegard), og å skilje klart ut det som er vigsla jord. Dette for å understreke at gravstaden tilhøyrer alle innbyggjarane.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Ljå høyringsvar.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

Ljå høyringsvar.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Luster kyrkjeleg fellesråd.*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Ljå høyringsvar.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare